



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Vår ref.: 2017/48

Dykkar ref.: 2017/5067

Dato: 23.06.2017

Genmodifisert bomull DAS-81910-7 til import, prosessering, mat og fôr

Bioteknologirådet har motteke brevet frå Miljødirektoratet datert 23.05.2017, som gjeld søknad EFSA-GMO-NL-2016-136 om godkjenning av bomull DAS-81910-7 frå Dow AgroSciences under mat- og fôrforordninga i EU. Miljødirektoratet har bedt Bioteknologirådet om ei vurdering av søknaden og spørsmål som gjeld berekraft, samfunnsnytte og etikk som eventuelt kan stillast til søkjaren.

I bomullsplanten er det sett inn to nye gen som gjer planten resistent mot sprøytemiddel med verkestoffa glufosinat-ammonium og 2,4-D. Bomullssorten er førebels ikkje godkjend til dyrking i noko land.

Etter genteknologiloven skal ein GMO ikkje skade helse og miljø for å bli godkjend i Noreg. Det skal òg leggjast vesentleg vekt på om GMO-en er samfunnsnyttig, etisk forsvarleg og bidreg til berekraftig utvikling, og Bioteknologirådet har eit særleg ansvar for å vurdere dette. Fordi berekraft skal vurderast langsiktig og globalt, er tilhøva i produksjonslanda òg relevante.

Eit samrøystes Bioteknologiråd meiner at det ikkje samsvarer med vurderingskriteria berekraft og etikk å godkjenne genmodifiserte plantar som er resistente mot sprøytemiddel med det helse- og miljøfarlege verkestoffet glufosinat-ammonium. Å stille fleire spørsmål til søkjaren no vil ikkje gi avgjerande ny informasjon.

Bioteknologirådet rår til at Noreg forbyr bomullssorten DAS-81910-7 til import, prosessering, mat og fôr.

Med helsing

Kristin Halvorsen
leiar

Ole Johan Borge
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Klima- og miljødepartementet